

KYRKJEBLAD

FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Nr. 1

Februar 1996

50. årg.

DEN NYE KAPELLANEN PÅ Plass

Kapellan Bård-Egil Dyrhol og kona Elisabeth er no på plass i prestebustaden på Vaksdal. Bård-Egil tok til i teneesta 5. januar, og debuterte på juletreffesten til Daletunet same dag. Les meir om både innsetjinga og det nye presteparet vårt på s. 3 og 4.



Det nye presteparet (til høgre) ser ut til å trivast frå første stund.

Foto: Bjørn Knutsen

FASTEBØN TIL ETTERTANKE

«Herre!
Gi brød til dei
som hungrar!

Herre!
Gi hunger etter
rettferd til
dei som har
brød!»

Bøn frå Chile



Les meir om:

Optimisme i ungdoms-
arbeidet. Møt den nye
sivilarbeidaren i preste-
gjeldet vårt.

Side 5

Det finst mykje mellom
himmel og jord som
ikkje kan forklarast.
Forteljinga om Nils
Lavik sin siste song er
eit døme på det.

Side 8 og 9



Ny ordning for guds-
tenesta i Dale kyrkje.

Side 10

Har Kjell Arne Norum
funne ny stilling, eller



Side 11

KYRKJEGANG

Kyrkjestatistikken viser at i 1995 deltok 339 færre personar enn i 1994 ved ordinære gudstenester på søn- og heilagdagane i Vaksdal. Gjennomsnittleg deltaking ved desse gudstestene i prestegjeldet var 58, som er omlag 1,3 % av befolkninga. Kvar innbyggjar i prestegjeldet/ kommunen deltok i fjor gjennomsnittleg omlag 1,8 gonger i slike gudstenester.

Det store spørsmålet er:

Kva er det som gjer at folk ikkje deltek meir i gudstestene våre?

Vi prestane ynskjer respons. Til dømes på om noko i gudstestene ikkje fungerer for dei som sit i benkane. Om nokon meiner presten preikar for dårleg, og om salmane er for vanskelege. Om nokon ikkje føler seg velkommen i kyrkja. Hjelp oss, så kan hende fleire kan finne vegen til gudstestene i kyrkjene våre.

Det ein òg bør tenkje på, er at ein ikkje berre går i kyrkja for sin eigen del. Ein gjer det også for dei andre, for fellesskapet, si skuld. Det å vere mange saman når vi feirar gudstestene, er ein kveik i seg sjølv. Songen vert rikare, mange røyser seier fram truvedkjeninga saman, og ein får sjå med egne auge at vi er ein stor syskjeflokk i kyrkjelyden.

Ein tanke som nok vil vere framand for dei fleste, er å gå til gudstestene i andre kyrkjer enn den ein soknar til. I til dømes byane har folk høve til å gå til gudstestene kvar søndag, og mange gjer det! Her hos oss kan ein i høgda gå annan kvar søndag i "si" kyrkje. Mange vil nok synast at det er fint å ha "fri" den andre sundagen, eller at ein vert hindra i å dra på tur om ein går i kyrkja kvar søndag. Om tanken er framand, kan dette likevel vere noko å tenkje på.

Alle er velkomne til å gå i kyrkja, sjølv om dei ikkje høyrer til i bygda eller kyrkjelyden. For alle dei som kallar seg kristne, burde det vere naturleg å støtte opp om hovudsamlinga i kyrkjelyden. For alle dei som ikkje kallar seg kristne, kan gudstestene vere ein stad der ein kan vere undervegs.

Og gløym for all del ikkje å ta barna med når de kjem!

Med helsing sokneprest Frode Kvamsøe

VAKSDAL PRESTEGJELD

Sokneprest *Frode Kvamsøe*,
tlf. 56 59 61 20.

Kapellan *Bård-Egil Dyrhol*,
tlf. 56 59 70 88.

Kontorfullmektigen er på kontoret tysdag, onsdag og torsdag kl. 9-13.

HUGS - måndag er presten sin fridag.

SAMTALE MED PRESTEN

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.
Prestane har teieplikt.

KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL

Utgjevar: *Sokneråda*
Bladpengar: kr. 60,-
Annonsepris: kr. 2,20 pr. sp. mm.
Postgiro: 0808 57 23 4 73
Bankgiro: 3500.50.13 117
Bladstyar: *Ove Magne Straume*,
5290 Stamnes (vikar).
Kasserar: *Asle Georg Karlsen*, Boge,
5270 Vaksdal. Tlf. 56 59 72 32.
Eksp. og trykk: *Øystese Trykkeri A/S*,
5610 Øystese. Tlf. 56 55 50 45.

Retur til Øystese Trykkeri A/S, 5610 Øystese

STOFF TIL NESTE NUMMER

må vera kome redaktøren i hende innan
1. mars.
Bladet kjem ut i veke 13 som byrjar med
25. mars.

INNSETJING AV NYEPRESTEN

4.januar var omlag 120 menneske frå heile prestegjeldet samla til gudstestene i Vaksdal kyrkje, då Bård-Egil Dyrhol vart sett inn som kapellan i Vaksdal prestegjeld.

Prosten til stades

Prost **Knut A. Knutsen** las i byrjinga eit såkalla *kollas* (teneste-brev) frå biskopen, heldt ein tale og ba for nyepresten.

Resten av gudstestene var som ei ordinær høgmesse, der det særleg var gledeleg å sjå alle som var med og feira nattverd.

Tre organistar

Fint var det òg å høyre Vaksdal kyrkjekor som song, og alle dei tre organistane i prestegjeldet som var i aksjon denne dagen.

Heilt til slutt gav klokkar og soknerådsformann **Bjørn Knutsen** den nye kapellanen ein fin plante som eit synleg teikn på at han og kona var velkomne til Vaksdal.

Mange helsingar

På velkomstfesten i bedehuset etter gudstestene var det fleire som greip ordet for å ynskje det nye presteparet velkommen.



Jakob Kallekleiv gav tilhøyrarane eit interessant gløtt inn i noko av historia til Vaksdal garden, og til kristenlivet på Vaksdal før i tida. Frå **Kyrkjeleg Fellesråd** og fleire av sokneråda i prestegjeldet kom det helsingar, og sokneprest **Kvamsøe** helsa sin nye medarbeidar velkommen.



Trygve Urhaug bar fram ei helsing frå pinsemenigheten på Vaksdal og dei andre frikyrkjelege kyrkjelydane i kommunen.



Kjartan Gullbrå helsa på


vegne av ungdomane, og bar tydeleg fram at dei hadde forventningar til den nye presten. **Gunvor Bjørsvik** var òg mellom dei som hadde ei helsing til nyepresten.

Song og musikk sytte kyrkjekoret og organist **Julia Harbrecht** for.

Bjørn Knutsen, som leia festen, intervjuar det nye presteparet.

Innimellom alt dette fekk me varme oss på god betasuppe, kaffe og kaker. **fk**

Foto: Bjørn Knutsen



DEN NYE KAPELLANEN PÅ Plass

Kapellan Bård-Egil Dyrhol og kona Elisabeth er no på plass i prestebustaden på Vaksdal. Bård-Egil tok til i tenesta 5. januar, og den fyrste oppgåva han hadde var å halde andakt på juletreffesten til Daletunet same dag. Vi har teke ein liten prat med paret, slik at lesarane av kyrkjebladet kan få helse på dei, og vonleg bli litt betre kjende med dei.

Elisabeth er 26 år og kjem frå Haugesund. Ho er student, og tek sikte på å vere ferdig med hovudfagstudiet i sosial-økonomi denne våren. Etter dette ynskjer ho å arbeide som lærar i den vidaregåande skulen.



Foto: Bjørn Knutsen

Bård-Egil er 28 år og kjem frå Østa. Han studerte teologi ved Menighetsfakultetet i Oslo, og var ferdig der i slutten av 1994. I fjor var han vikarprest i Oslo. Før teologistudiet gjekk han to år på Indremisjonselskapet sin bibelskule i Staffeldtsgate i Oslo, og avtente fyrstegongsnеста som infanterist i Harstaa.

Korleis er det å koma til ein heilt ny plass utan å kjenne nokon frå før?

Elisabeth: Spanande. Det var uvant å ikkje sjå kjente fjes rundt seg, så det var godt å ha slekt og vener i Bergen. Vi hadde vore på Vaksdal før Bård-Egil vart tilsett, og det var veldig greitt å vite korleis plassen og huset såg ut før vi kom. Det tek tid å kome i orden, og overraskande lang tid å få ting på plass i huset.

Korleis har dei fyrste vekene vore?

Bård-Egil: Vi følte oss raskt heime her, sjølv om vi framleis held på med å pakke ut og kan hende må ut og skaffe ting vi manglar til huset. Folk er framleis nye for oss, det er mange nye ansikt og namn å lære seg. Vi går nok framleis forbi folk vi har møtt før utan å helse på dei, fordi vi ikkje kjenner dei att.

Elisabeth: Det som vert spanande for meg framover, er om eg får noko arbeid. Eg ynskjer å arbeide, helst i den vidaregåande skulen, samstundes som eg gjer ferdig studiane.

Kva tankar har de om å vere presteapar i Vaksdal?

Elisabeth: Sjølv om eg er gift med presten, ser eg ikkje på meg sjølv som ei "prestekone" med eiga stilling. Eg er meg sjølv, med eigen identitet.

På linje med andre er eg ein lem i kyrkjelyden, og med tida kan eg finne ut kva mine oppgåver er her. Det er elles fint å kunne vere med Bård-Egil på "jobb" på gudstenester, og å gje han respons og konstruktiv kritikk på det han gjer.

Bård-Egil: Då eg var vikarprest i Oslo budde eg utanfor kyrkjelydane, og hadde ei regulert arbeidstid. Her er eg fast prest, og vil vere "presten" når eg kjem rundt omkring. For meg er det viktig å få vere mennesket Bård-Egil også, og ikkje berre prest. Det vert og ei omstilling at med kontor heime vil arbeid og fritid gå over i kvarandre, og her vil meir tid gå med til reising enn i Oslo. Eg likar godt å ha gudsteneste, ho er ei heilag stund for meg. Det som er fint med å vere prest, er at eg på det viset har ein legitimasjon til å snakke med folk om Jesus, meir enn om eg var i ei anna stilling.

Kva med fritida, finn de noko å gjere på då?

Bård-Egil: Eg går gjerne på fotballkamp, og trur nok det vert nokre turar til Brann stadion. Sporten på TV ser eg gjerne på, òg. Men eg vonar og på å få kome meg ut på turar i naturen.

Elisabeth: Eg likar å syngje, og i Oslo song eg i kor dei to siste åra. Elles har eg ikkje nokon spesiell hobby, for meg vert det førebels å studere og vonleg å arbeide i halv stilling.

fk

OPTIMISME I UNGDOMSARBEIDET

Kjartan Gullbrå er sivilarbeidar i Vaksdal prestegjeld, med særleg ansvar for ungdomsarbeid. Han tok til i byrjinga av november, og skal etter planen halde på til ut i januar neste år.

Vi tok ein prat med han i Vaksdal bedehus ein sein fredagskveld i slutten av januar, etter at møtet og kveldsmaten var unnagjort.

Korleis er det å vere sivilarbeidar i prestegjeldet?

- Det er kjekt. Her får eg høve til å arbeide på heiltid med noko eg brenn for.

Emn noko som du gler deg over i arbeidet.

- Det er optimisme og entusiasme blant folk, dei har lyst til å gjere noko. Eg gler meg over alle dei som er positive til å vere med som leiarar i dei ulike samanhengane. Vi har greid å "samle glørne", folk kjem i lag til fellesskap. Og dei reiser gjerne ut av si eiga bygd for å vere med på samlingane. Nattkaféane er godt vitja, òg av ungdom som elles ikkje har tilknytning til det kristne arbeidet.

Korleis er stoda innafor det kristne ungdomsarbeidet i Vaksdal no?

- På Vaksdal er det ungdomssamling kvar fredag i bedehuset, frå klokka åtte. Ein fredag kvar månad er det nattkafé. Då held vi på til klokka eitt om natta.. Der er det eit ganske fritt opplegg, med spel av ymse slag, sal av til dømes pølser, og ein andakt utpå kvelden. Vi har to ulike opplegg dei andre kveldane. Vi har ungdomsmøte, med song, bibeltime og gruppesamtale før vi sluttar av med ein felles kveldsmat.

Nokre kveldar har vi gruppesamlingar. Då har vi ei kort innleiing til eit emne, med meir tid til gruppesamtalar etterpå.



Kjartan (t.h.) trivst godt i lag med dei unge.
Foto: Bjørn Knutsen

På Stamnes er Ving i gang att, og i februar vil ein starta opp med nattkafé annankvar fredag i bedehuset.

På Dale bedehus er det nattkafé ein fredag kvar månad, med eit opplegg likt det på Vaksdal.

I Eksingedalen vil det verte to ungdomskveldar på laurdagar dette halvåret. Datoane vil verte kunngjort seinare.


Det vert òg ein **weekend** for tenåringar frå heile prestegjeldet på Fagertun 8.-10. mars. Den er for ungdomar frå og med sjuande klasse og opp til fylte tjue år. Her vil det verte høve til å gå på ski (hvis det er snø!), og eller vere saman i leik, avslapping og alvor.

(Framhald neste side.)

Du kan ikkje til dømes halde andaktar som sivilarbeidar?

- Nei, og det tok ei tid å verte vand med den tanken. Eg saknar det somme stunder, men opplever òg det praktiske arbeidet eg gjer som meiningsfylt.

fk



UNGDOMS- WEEKEND

på Fagertun leirstad i Eksingedalen

8.- 10.mars.

For dei som går i sjuande klasse og opp til fylte 20 år.

Sjå oppslag og utdelte lappar for meir informasjon.

Skrifteleg påmelding innan fredag 1. mars til:

Prestekontoret, 5280 Dalekvam

NATTKAFÉ

i Dale bedehus

fredagar frå kl. 20.30.

* 15. mars

UNGDOMS- SAMLING

i Vaksdal bedehus

fredagar frå kl.20.00.

23. februar: Nattkafé
01. mars: Ungdomsmøte
08. mars: Weekend
15. mars: Ungdomsmøte
22. mars: Ungdomsmøte

NATTKAFÉ

i Stamnes bedehus

annakvar fredagar frå
kl. 20.00 - 24.00.

*01. mars
*15. mars *29. mars

Det Norske Misjonsselskap,
Bergen krets

**LEIRER PÅ KVAMSSETER
VÅREN 1996**

Vinterferien

23.-27. februar: Skiweekend for ungdom i samarbeid med skolelaget.
28.februar - 3.mars: Familieleir.

Påskeferien

29.mars - 2.april: Horisontleir (4.-7.klasse)
04.- 08.april: Familieleir
04.- 08.april: Nettverksleir (fra 18 år, ikke på Kvamsseter).

Norges Samemisjon

**LEIRAR PÅ FAGERTUN
PÅSKEN 1996**

Påskeleir 1: 3.-6.klasse,
fredag 29.mars - måndag 1.april

Påskeleir 2: Frå 7.klasse,
onsdag 03.april - måndag 8.april

Påmelding: Innan fredag
22.mars til

Norges Samemisjon
Sparebankgata 4A
5017 BERGEN
Tlf. 55 31 65 06

**KIRKENS SOS TRENGER
NYE TELEFONVAKTER
TIL DAG, KVELDS-
OG NATTEVAKT!**



- Vi tilbyr en interessant og givende tjeneste.
- Et trivelig og romslig arbeidsmiljø.
- En ordnet tjeneste med vakt hver 12.dag.
- 40 timers innføringskurs, torsdager.
- Veiledningsgruppe så lenge du er med i tjenesten.
- Vi krever at du lytter mer enn du snakker og at du ikke gir råd eller løsninger.
- Vakt hver 12.dag.
- Du må være over 22 år, kristen og lojal mot Den Norske Kirkes bekjennelse.

Oppgaven er å være et medmenneske for den som ringer. Kirkens SOS har åpnet til døgndrift og trenger derfor mange nye med-mennesker.

Interessert?

Kontakt oss snarest!

Tlf. 55 32 58 45, man.-fredag på dagtid.



I bladet Sambåndet (nr.43/95), bladet til Det Vestlandske Indremisjonsforbund, har me kome over ein artikkel om ei hending som Aasvald Lavik frå Lavik i Eksingedalen var ute for i 1966, berre nokre dagar etter faren, den kjende Nils Lavik, sin død. Me har fått løyve av Sambåndet til å gje att det me måtte ynskja av artikkelen.

ENGLEBESØK I EKSINGEDALEN

Av Jens M. Rognsvåg

- Attom songen til far, hørde eg englesong. Dei song med, og dei song fleirstemt. Ein slik harmoni har eg aldri høyr. Så vedunderleg og fagert, at det ikkje er ord for det. Men eg trur eg skulle ha kjent det att om eg fekk høyra det om att.

Det er Aasvald Lavik som fortel dette. Hendinga ligg nære på tretti år attende. Han var 60 år då. No er han nære på nitti, men tanken er klår, og han minnest godt korleis det gjekk til då faren døydde.

Nils Lavik var også poet. Han både skreiv og omsette songar. Fleire av desse er med i Sang-boken. Men den aller siste songen sin, skreiv Nils Lavik ikkje ned. Den song han. Sonen og dei andre i familien hørde songen nokre dagar etter sjølve dødsfallet.

Ljoset brenn ned

Nils Lavik døydde 15.juli 1966. Stille sovna han inn som ljuset sloknar når det har brunne ned. Kring senga stod dei næraste i familien. Stunda var heilag. Tid og æve møttest og smelta i hop i ein evig augneblink.

Mellom dei som stod der, var Aasvald, eldste sonen til Nils Lavik, og Gudrid, kona hans. Det var dei som tok over bureisingsbruket i Eksingedalen då Nils Lavik vart styrar på Bibelskulen. Og det var hjå dei Nils Lavik var dei siste åra han levde.

Aasvald hadde lenge undra seg over og tenkt kva som hende når ein kristen døydde. Endå meir nært og levande vart dette då han såg faren slokna.

Slik fortel Aasvald om kva som hende nokre dagar etterpå:

Under open himmel

- Det var natt til 25.juli, elleve dagar etter at far døydde. Om eg var vaken eller sov, veit eg ikkje. Men eg var ved dødsenga til far att, saman med dei andre. Brått var det som veggene og taket i stova var borte. Vi stod under open himmel. Og himmelen kom nær.

- Eg såg englar koma. Ein engel, han var større enn far, bøygde seg ned til far, tok far i armane sine, og lyfte han med seg. Då hørde eg far syngja. Eg hørde orda og tonen klårt.

- Synet kvarv bort der eg kom til meg sjølv att. Men orda og tonen i songen til far var som rita inn i minnet mitt. Eg skreiv ned versa og nynna tonen.

- Seinare song eg den for svigersonen vår, Leif Tillung. Han skreiv tonen ned på notar og harmoniserte den. Men den harmonien eg hørde i englekoret, den kan nok aldri noteskrivast.

Eit klenodium

Så langt Aasvald Lavik. Både Aasvald og fru Gudrid fortel at Aasvald aldri har rima eller skrive vers, korkje før eller etter dette hende. Smålatne som dei er, har dei ikkje late songen eller hendet attom den, verta spreidd ut. Songen har vore gøymt som eit klenodium innan i familien.

Ved eit reint tilfelle fekk eg vita om den. Og no i samråd med Aasvald og Gudrid Lavik har eg fått lov å skriva om songen. Kunne det verta til signing og trøyst for nokon, er dét det store ynsket deira.



Til himlens sæle fred

1 Å, nei, kva ser eg no,
Guds engel rein og god,
kjem no for meg å henta
heim til Gud si sæle ro.
Til himlens sæle fred,
til himlens sæle fred.
Der Jesus eg får skoda
i himlens sæle fred.

2 No striden stilna er,
og Jesus ser eg der.
Eg kjenner grant hans åsyn
som eg hev elska her.
Der i Guds kvite hær,
der i Guds kvite hær.
Der frelsaren eg skodar,
som evig hev meg kjær.

3 No jordi ho kverv fort,
eg stig inn i himlens port.
Eg skodar her det romet
som Gud åt meg hev gjort.
For Kristi dyre blod,
for Kristi dyre blod,
eg einast inn er komen
til himlens sæla god.

4 Å, du, for gleda stor.
Dei kjære frå vår jord
eg atter no fær møta,
med sæle helsingord.
Nei, æva vert 'kje lang,
nei, æva vert 'kje lang.
Når Jesus eg fær kveda
ein evig takkesong.

5 Hit òg de koma må,
eg må dykk att få sjå.
No sæl og glad eg ventar,
dykk heim til himlen nå.
Ja, her i himlens skrud,
ja, her i himlens skrud.
So sæl og glad frå jordi
me møtest, Kristi brud.



Foto: Paul Odland

NILS LAVIK - kven var han?

Han var fødd på Lavik i Eksingedalen 8.januar 1884. Her vaks han opp, og her slo han seg til i unge år som bureisingsmann.

Lekmannshovding

Nils Lavik var ein av lekmannshovdingane i det århundret vi kallar vårt. Sitt åndelege gjennombrøt til personleg kristentru fekk han då han var elev ved Framnes Folkehøgskule i 1900/1901. Der fylgde han og kallet til å verta forkynnar.

Nils Lavik vart knytt til Det Vestlandske Indremisjonsforbund, først som emissær frå 1908-1919. Han var så lærar i heimbygda fram til 1923. Då vart han kalla til sekretær i DVI. Denne stillinga hadde han til han i 1928 vart styrar ved Bibelskulen i Bergen. Frå 1933 og fram til 1950 var han formann i styret for DVI.

Stortingsmann og riddar

I 1934 vart han vald inn på Stortinget, som Kristeleg Folkeparti sin første representant

der. Han var stortingsmann fram til 1954. På åttiårsdagen i 1964 vart han slegen til riddar av 1.klasse av St. Olavsordenen.

Kristenfolket sin talsmann

Nils Lavik var lekfolket og det frivillige kristen-arbeidet sin talsmann, både ute mellom folket og i Stortinget. Her tek vi også med noko som Nils Lavik skreiv alt i 1934, men som er sær s dags-aktuelt:

«Norske lærar!

Menneskjeleg tala so ligg Noregs framtid i dine hender. So stor makt hev du. Du fekk denne makti avdi du fekk dei norske borni i skulestova di. Du talar til dei, underviser dei, påverkar dei. Du formar deira syn og gjev dei livsinnstilling. I ditt arbeid gjer du eitt av tvo: du vekker deira syn og sans for det evige og himmelske - eller du tyner denne sansen og gjer dei jordvende og til verdens born. Denne makti hev du, norske lærar. Du norske lærar: Gjev barnet det evige. Lær dei songen um Jesus, ellers døy det. So stort er ditt ansvar!»

NYTT I DALE KYRKJE

Dale Sokneråd har vedteke fylgjande vedkomande gudstenestene i Dale kyrkje:

- **Kyrkjelyden står og syng fyrste og siste salmen.**

Ein kan og stå under andre salmer, om det er naturleg. Kva salmer ein skal syngja ståande vil verte kunngjort på salmetavla og ved at klokkaren reiser seg. Om nokon av t.d. helsemessige grunnar ikkje kan eller vil stå mens me syng, er det sjølvsgreit.

Mange gonger er det naturleg at vi står og syng salmar. Vi gjer det alltid når vi syng høgtidsverset i høgtidsgudstenestene. Når vi syng ståande vert det meir

høgtid over songen, samstundes som vi reint fysisk gjer det lettare for oss sjølve å verkeleg nytte stemma og syngje ut.

Det er fleire som har ynskt at vi skal stå meir når vi syng, difor har soknerådet gått inn for at vi skal gjere dette som her er nemnd.

- **Under nattverden vert Herrens bøn sunge.**
- **Takkekollekten skal som regel takast opp i kyrkjebenkane.**

Ordninga trer i kraft når det er innkjøpte eigne bøsse eller liknande til dette føremålet, og minst to personar vil ha som oppgåve å syte for at dei vert sende rundt i kyrkjebenkane.

fk

MARIT SANDAL REISER UT ATT PÅ MISJONSMARKA

Når dette bladet kjem ut, er kan henda Marit Sandal reist ut att til Etiopia for ein ny periode. I Stamnes bedehus var det misjonsfest for Marit søndag 04. februar. Denne festen vil me koma attende til i neste nummer av kyrkjebladet.

Me vil også prøva å få eit intervju med Marit før ho reiser. I mellomtida ynskjer me ho lukke til med den viktige oppgåva ho har teke på seg.




Foto: Ove Magne Straume

KJELL ARNE SI NYE ADRESSE

Til alle som ynskjer å senda vår kjære tidlegare res.kap. Kjell Arne ei forseinka jule- og nyttårs-helsing:


Kjell Arne Norum
Min. Ditleffs vei 17B
0862 OSLO

Tlf. 22 23 36 34



Ligg Kjell Arne og ventar på helsingar, eller har han funne seg ei ny stilling?

Foto: Ove Magne Straume



Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon 1996

Set oss fri! Dette er overskrifta for årets fasteaksjon, som Kirkens Nødhjelp håpar å få inn 14 millionar kroner på, mot cirka 13,7 i fjor. Aksjonsdatoen er 26. mars.

Set oss fri! Eit rop frå dei mange millionar av menneske som lir av fattigdom, svelt og undertrykking. Dei ønskjer fridom, ikkje frå å løyse egne problem, men frå dei eller det som hindrar dei i å gjera det.

Set oss fri - i Guatemala frå undertrykkjarane, i Etiopia frå tørke, i India frå mangel på medisin, i Afghanistan frå flyktningeleiren.

Og i Noreg? Kva med oss? Vi treng også å bli sette fri - bli mindre avhengige av det materielle, frie frå å vera likegyldige, frie frå framandfrykt, apati og einsemd.

Det nyttar!

I ruinane av det gode Afghanistan dyrkar born frukt i nyetablerte skulehagar, i Nepal får blinde synet tilbake. I Brasil får gatebarn hjelp mot prostitusjon og dødsskvadronar, og i Guatemala rettar indianarane ryggen og tek på seg nasjonaldrakta og menneskeverdet sitt igjen. Og slik held lista fram verda rundt.

Det nyttar fordi vi gjer det saman - i kyrkjelydane i Noreg, i Kirkens Nødhjelp - saman med menneske i Afrika, Asia og Latin-Amerika og i Europa. Saman for ei meir rettferdig verd.

"...så er den faste som eg vil ha: at du løyser dei som med urett er bundne, sprengjer banda i åket, og friar ut dei som er trælka"

Jesaja 58,6



Foto: Hakon Lislrud - desember 94

- Jordskjelvet var ei velsigning!

I 1976 vart Guatemala ramma av eit jordskjelv som førde til at Kirkens Nødhjelp engasjerte seg der. Ein lokal landsbyleiar kalla jordskjelvet ei velsigning, og sikta til at det var første gongen omverda brydde seg om maya-indianarane.

På slutten av 70-talet starta ei valdsbølge i Guatemala som drap 20.000 menneske berre i det området der KN var engasjert. Og indianarane som levde der under ofte elendige forhold, bad likevel berre ei bøn: - Hjelp oss å få fred. Resten kan vi klare sjølve!

"Skapningar"

Fram til 60-åra vart indianarane nemnt som "Creaturas" - "skapningar". Etter ein lang og hard debatt i parlamentet, kom ein til slutt fram til ei ny nemning: "menneskelege vesen". I dag, etter 30 års borgarkrig mellom regjering, hær og godseigarar på den eine sida, geriljaen og indianarane på den andre, snakkar dei saman som menneske - om fred og forsoning. Kirkens Nødhjelps regionale representant Petter Skauen, har ei sentral rolle i forhandlingane.

Røvaren på krossen

Under det første møtet som føregjekk i Oslo, bad ein av generalane om å få snakke med ein prest før han skulle underskrive ein avtale. Han ville forsikre seg om at det var sant at "røvaren på krossen" kom til himmelen. Avtalen gav blant anna ein sanningskommissjon løyve til å finne ut kva som eigentleg hende i den "gløynde borgarkrigen", der minst 150.000 indianarar vart drepne og 440 landsbyar jamna med jorda.

Det beste alternativet

Petter Skauen er glad for at presidentvalet i Guatemala den 7. januar ende med ein knapp siger til den mest moderate kandidaten Alvaro Arzú. Han har lova å følgje opp fredsarbeidet i landet.

- Men ikkje gløym Guatemala no, átvarar Petter Skauen. For sjølv når ei endeleg fredsavtale skal underteiknast, så er ho berre eit "stykke papir" som må følgjast opp i handling. Og det er sterke krefter i hæren som ikkje ønskjer fred.



Korleis blir framtida for maya-indianarane i Latin-Amerika? Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon er din sjanse til å støtte fredsarbeid og hjelp til sjølvhjelp, blant anna i Guatemala.


Foto: Nils Inge Kruhaug

Rigoberta Menchú

Til årets fasteaksjon har Kirkens Nødhjelp invitert maya-indianarar frå Guatemala, blant anna fredsprisvinnaren Rigoberta Menchú. Det er i skrivande stund usikkert om ho kan kome. Ho er eit lysande døme på dei menneskelege ressursane indianarane sjølve har, og den risikoen dei er villige til å ta for andres og eiga framtid.

Far hennar vart brend levande i den spanske ambassaden då han kom for å varsle om ein massakre. Bror hennar vart torturert, mishandla og avretta offentleg då han var 17 år gamal, mistenkt for å vera "kommunist". Mora vart også drepen. Likevel valde Rigoberta å kjempe for indianarane sine rettar, utan vald.

Det finst berre éin fredspris, men millionar av menneske som Rigoberta, i alle dei landa Kirkens Nødhjelp gjer ein innsats. I Fasteaksjonen har du høre til å gje din del til kampen for rettferd. Bruk det!



Trur du ikkje det hjelper stort, om du lærer eitt einskild menneske i den 3. verda å lese og skrive?

Foto: Nils Inge Kruhaug

Indianerkvinna Rigoberta Menchú frå Guatemala fekk Nobels Fredspris i 1992. Det finnes bare éin fredspris, men millionar av menneske som Rigoberta Menchú.

Gi dei di støtte!



Kirkens Nødhjelps Fasteaksjon 1996

Formenn i sokneråda 1996

Vaksdal: Bjørn Knutsen

Nestformann: Sollaug Boge

Dale: Ingrid Leiren

Nestformann: Ove Alvheim

Bergsdalen: Lise-Lotte Småbrekke

Nestformann: Roald Brekke

Stamnes: Anne Margrete Eikefet

Nestformann: Olav Gammersvik

Eksingedalen: Ingolf Gullbrå

Nestformann: Mari Odland Trefall

Nesheim: Ingunn L. Gullbrå

Nestformann: Knut Fjellanger.

Val i Kyrkjeleg Fellesråd

Fellesrådet hadde møte på Eidslandet 24.januar, og valde då formann og nestformann, slik:

Formann: Knut Fjellanger

Nestformann: Anne Margrete Eikefet.

PER EINAR SØNNESYN PENSJONIST

Tidlegare res.kap. i Vaksdal, Per Einar Sønnesynd, er no blitt pensjonist.

Sidan han slutta som prest hjå oss, har han vore sokneprest i Manger i Nordhordland. Søndag 21.januar hadde han si siste gudsteneste i Manger prestegjeld.

Etter det me veit, skal Sønnesynd og kona no busetja seg i Ulsteinvik på Sunnmøre. Me ynskjer Sønnesynd og kona lukke til, med ynskje om mange gode og rike år framfor seg.

SLEKTERS GANG**DØYPT****DALE**

- 03.12. Oda Hesjedal Langhelle
- 10.12. Mina Gjerme Schönning
- 07.01. Andrea Lie Kjøndal
- 21.01. Astri Faugstad Davidsen

STAMNES

- 16.12. Ole Martin Høines Ulevik
- 07.01. Ragnhild Dyvik
(Gjerstad kyrkje, Osterøy)
- 21.01. Fredrik Jakobsen Løvseth
- 21.01. Ingve Helland



AVLIDNE



DALE

- 25.11. Sigvald Arthur Holsen, f.1923
 29.11. Bergit Marx, f.1908
 01.12. Torger Olav Hop, f. 1917
 24.12. Sverre Martin Fyllingslid, f.1917
 27.12. Einar Furnes, f.1906
 27.12. Samuel O. Dale, f.1918
 30.12. Lasse Vassenden, f.1922

STAMNES

- 11.12. Brita Vassenden, f.1902
 05.01. Lars M. Kallestad, f.1920

VAKSDAL

- 30.10. Laura Olsnes, f.1906
 04.12. Ågodt Tolås, f. 1902
 14.12. Klara Knutsen, f. 1907
 24.12. Harriet Alvilda Sæterdal, f. 1925
 06.01. Hanna Nilsen, f.1909
 21.01. Olav Bernes, f.1918



...at me må læra å
 telja våre dagar, så me
 kan få visdom i hjarta.

VELKOMEN TIL KYRKJE

18.februar - søndag før faste(fastelavnssøndag)

DALE kl.11. Kvamsøe. Offer til De fire Diakoni-institusjonene.Årsmøte m/kyrkjekaffe.

EKSINGEDALEN kl.11. Dyrhol.Offer til Menig-hetsfakultetet.

EIDSLAND kl.17. Dyrhol. Offer til Menighets-fakultetet.

25.februar - 1.søndag i faste

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe.Nattverd. Offer til Bjørgvin Bispedømeråd.

BERGSDALEN kl.16. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Bergsdalen sokneråd. Årsmøte.

3.mars - 2.søndag i faste

DALE kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Den Norske Israelsmisjon.

STAMNES kl.17. Dyrhol. Nattverd. Offer til Soknerådsarbeidet.

10.mars - 3.søndag i faste

VAKSDAL kl.11. Kvamsøe. Nattverd.

NESHEIM kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Norges Kristelige Student- og Skoleungdomslag.

17.mars - 4.søndag i faste

DALE kl.11. Fam.gudst. Kvamsøe. Utdeling av "GODT NYTT" til 4.kl. Offer til IKO.

EIDSLAND kl.11. Fam.gudst. Dyrhol. Utdeling av "GODT NYTT" til 4.kl.Offer til Norsk Luthersk Misjonssamband.

NESHEIM kl.16. Salmekveld. Dyrhol.

24.mars - Maria bodskapsdag

STAMNES kl.11. Dyrhol. Nattverd. Offer til Det Norske Misjonsselskap.

EKSINGEDALEN kl.11. Kvamsøe. Nattverd. Offer til Den norske Sjømannsmisjon. Årsmøte.

VAKSDAL kl.18. Fam.gudst. Dyrhol.